

Stort landbrukspolitisk møte

Gullbring kulturbygg er i morgon arena for Telemark Bondelag sitt landbrukspolitisk møte. Sentrale aktører i den landbrukspolitiske debatten kjem og møtet er ope for alle. Målgruppa er bønder og andre med tilknytning til landbruksnæringa. Møtet skal setje landbruk og matproduksjon på dagsorden i Telemark. Stortingsrepresentant Knut Storberget, dagleg leiar i AgriAnalyse Christian Anton Smedshaug, seinorforskar Reidar Almås og generalsekretær i Norges Bondelag, Per Skorge, kjem.

Møte i eldrerådet

Tysdag 1. Mars hadde Bø eldreråd møte på Bø sjukeheim. Anne Løhaugen, Johannes Rogdaberg, Helge Vreim, Ingebjørg Ø. Nordbø og Anne Grete Berge møtte, samt einingsleiar Jørund Verpe og konsulent Ann Sissel Lyngen frå administrasjonen. Verpe orientert i møte om situasjonen rundt tap av klede i samband med vask på sjukeheimen. Rådet fekk også ein omvisning på sjukeheimen. Elles blei det bestemt at Anne Grete Berge stiller som representant for rådet på folkemøte den 16. mars angående ny kommunedelplan for Helse- og omsorg. Eldrerådet vedtok årsmelding for 2015 og nye retningslinjer for arbeidet i Bø eldreråd i mø-

– Det er mogleg å effe



KOMMUNEREFORMA

Ordførar Olav Kasland er heilt sikker på at det er mogleg å effektivisere administrasjonen dersom ein slår saman dei tre kommunane i Midt-Telemark. Ein treng ikkje berre færre ordførarar.

Marta Kjøllesdal

marta@boblاد.no – tlf 976 88 692

– Det finst mykje forskning som viser at kommunar med opp til 10.000 til 12.000 innbyggjarar har smådriftsutlempar. Ein må ha større administrasjon enn om ein har større kommunar.

Det seier ordførar Olav Kasland (V).

Han viser til at Utsira kommune ein øy-kommune i Rogaland brukar 45.000 kroner per innbyggjar i administrasjonskostnader. I Bø brukte ein 4.526 kroner per innbyggjar i 2013, landsgjennomsnittet var på 3.798 kroner. Notodden brukte knapt 1.000 kroner mindre per innbyggjar i administrasjon enn

Bø kommune same år.

– *Du har tidlegare nemnt at ein ikkje treng tre ordførarar og tre rådmenn, men det blir berre fire som blir overflødige, og dei kan ikkje erstattast av berre to personar. Kvar elles kan ein konkret spare når tenestene skal vere der dei er og dei ulike etatane ligg på ulike plassar?*

– Ein vil automatisk spare når ein slår saman Nav, kommuneadministrasjonen, skuleadministrasjonen og kulturadministrasjonen. Ein treng ikkje tre kommunalsjefar, for eksempel, seier Kasland.

Fortare enn venta

Dei tilsette er lova at dei ikkje skal misse jobben etter ei samanslåing. Det bekymrar ikkje Kasland. Han viser til at det blir 1.400 til 1.500 tilsette. Erfaring tilseier at 15 prosent sluttar kvart år.

– Telemarksforskning seier at effektiviseringa kjem fortare enn venta. Forskarane seier at 15 millionar kroner i kutt årleg er konservativt, påpeikar Kasland.

Han meiner at det ikkje betyr så mykje at administrasjonen er spreidd utover fleire tettstadar.

– Eg kjenner ingen som har all administrasjon i eitt hus. Dersom me skulle slå saman alt i eitt hus så ville me måtte bygge eit nytt hus, det ville vere dårleg økonomi, meiner ordføraren.

Ikkje første året

Han understrekar at ein ikkje vil oppnå innsparing på 15 millionar kroner frå første år. 15 millionar kroner er eit gjennomsnitt.

– *I forslaget til nytt inntektsystem for kommunane kjem det som har blitt sagt å vere dei ideelle kommunane på 15.000 innbyggjarar dårlegast ut?*

– Det forslaget kjem ikkje til å stå. Eg trur ikkje dei har sett effekten etter 20 år. At idealkommunane blir straffa mest økonomisk heng ikkje på greip. No er forslaget på høyring og eg trur det blir retta opp, meiner Kasland.



Forskaren er einig med Kasland

Kasland får støtte av forskar Audun Thorstensen ved Telemarksforskning. Det er 15 til 20 millionar kroner å spare om ein samanliknar seg med like store kommunar.

Marta Kjøllesdal

marta@boblاد.no – tlf 976 88 692

– Dei minste kommunane med under 5.000 innbyggjarar har mest å hente. Avstand i kommunane har lite å bety, det er folketallet som tel, seier Thorstensen.

Han opplyser at når folketallet kjem opp i 15.000 til 20.000 har ein teke ut stordriftsfordelane.

– Dersom ein samanliknar kostnadane til administrasjon i dei tre kommunane i Midt-Telemark med landsgjennomsnittet så er det 14 til 15 millionar kroner å spare. Samanliknar ein med like store kommunar så er det 15 til 20 millionar kroner å spare årleg, seier Thorstensen.

Han seier at det nok ikkje er mogleg å ta ut 15 millionar kroner frå dag ein, men er realistisk på sikt og som eit gjennomsnitt. Han viser også til at kommunane får behalde inndelingstilskotet i 20 år, med nedtrapping på slutten.

– Etter 20 år må ein ha realisert effektiviseringsgevinsten, påpeikar Thorstensen.

Tabell 1

	Administrasjonsutgifter i kr per innbyggjar (2014)
Nome	4 789
Bø	4 496
Sauherad	5 262
Sum	4 807

Administrasjonskostnader 1. Tabell 1 viser gjennomsnittlege administrasjonskostnader per innbyggjar i dei tre kommunane i 2014. Kjelde: Audun Thorstensen